# Visa om Anne-Linn

Det var ei tid ei jente som heitte Anne-Linn.
Med roser i sitt gule hår og smile kopp på kinn.
Ho var ei lik dei andre for ho drøymde om ein vind
som skulle hente han som kunne sleppa sola inn.

**For eg vil ha ein kar, med trekkspel og gitar**
**som syngje kan ei vise til sin jente.**

Leikan gjeklkm og tida for, men ho var ikkje med.
Før Anne gjekk åleina i sin ver' av stille fred.
OG skulevegen den vart lang for ei som drøymde slik.
Ho leite etter guten sin, men ingen var han lik.

**For eg vil ha ein kar, med trekkspel og gitar**
**som syngje kan ei vise til sin jente.**

Men så ein dag so sto han der den Anne vetnta på.
Og alle var i tvil om korleis dette skulle gå.
For alt det guten kunne var å tralle dagen lang.
Men Anne ho var glad ho fekk sin eine rette mann.

**For eg vil ha ein kar, med trekkspel og gitar**
**som syngje kan ei vise til sin jente.**

Og no har Anne fått seg jobb på Knutsens bakeri.
Og sliter heile dagen og ser fram til laurdagsfri.
Og etter arbeidsveko set ho trøytt og lytter til
ein spelemann onger som får spele som dei vil.

**For eg vil ha ein kar, med trekkspel og gitar**
**som syngje kan ei vise til sin jente.**